

Representantskapsmøte

Kommunearkivordninga i Vestland KO

Digitalt møte, fredag 24. april 2026 kl. 12.00-13.30

Saksliste

1. Oppstart, godkjenning av representantar
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen
4. Rekneskap for 2025 og disponering av resultat
5. Årsrapport for 2025
6. Suppleringsval til styret
7. Val av revisor
8. Orientering: Forsøkskommuneordninga
9. Andre orienteringar

Sak 1: Oppstart, godkjenning av representantar

Sak 2: Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste

Sak 3: Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Gunn Åmdal Mongstad som møteleiar, Sigrun Espe frå administrasjonen som referent og X og Y til å signere protokollen.

Sak 4: Rekneskap for 2025 og disponering av resultat

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner rekneskap for 2025. Driftsunderskotet på kr. 7 034 vert dekket av driftsfondet til KAV.

Saksframlegg:

Samandrag

Rekneskapen for 2025 viser at Kommunearkivordninga i Vestland har ein relativt enkel og føreseieleg økonomi. I 2025 går vi med eit lite driftsunderskot på kr. 7 034.

Utfyllande informasjon om inntekter

Inntektskjeldene våre er i all hovudsak eigartilskot og depotleige frå kommunane som er med i oppgåvefellesskapet. Det er 19 medlemmer i oppgåvefellesskapet, og eitt av medlemmene fungerer som vertskap for ordninga. Dette er Vestland fylkeskommune. I samband med dette har vi ein eigen avtale som regulerer dei ikkje-økonomiske tenestene som fylkeskommunen bidreg med mot fråtrekk i kontingenten. Denne avtalen vart revidert i 2025, og verdien av dei ikkje-økonomiske tenestene vart sett til kr. 1 540 000.

«Inntekter prosjekt» er innbetaling frå kommunar for nye, avslutta eller pågåande digitaliserings- eller ordningsoppdrag. Kommunane betaler vanlegvis 20% når vi signerer avtalen, 40% når prosjektet startar opp og 40% når prosjektet er fullført, med mindre anna er avtalt særskilt. For store prosjekt som går over fleire år vil desse innbetalingane ikkje nødvendigvis kome same år som vi har utgifter til det konkrete prosjektet. Midlane vert difor samla opp kvart år og sett på prosjektfond. Kvart år gjer vi ei justering og fører pengar inn eller ut av prosjektfond, avhengig av behov.

Prosjektmidlane går i sin heilskap til å dekke kostnader, i all hovudsak lønskostnader, til ordnings- og digitaliseringsprosjekt som vi har eigne avtalar på. Vi har for tida fem fast tilsette som vert løna av prosjektmidlar. Totale prosjektinntekter frå kommunane var i 2025 kr. 5 251 608.

I tillegg til desse prosjektinntektene fekk vi kr. 50 000 gjennom satsinga *Innovasjonsarena for arkiv – Arkivspira* frå Arkivverket for å jobbe med prosjektet *Samarbeid om auka brukarkompetanse for oppslag i historiske data*. KAV gjennomførte eit arbeid for å styrkje kompetansen hjå saksbehandlarar når det gjeld innsyn i historiske datasett. Prosjektet la også grunnlag for meir effektiv og trygg tilgang til data frå avslutta fagsystem.

I 2025 inntektsførte vi kr. 920 468 frå driftsfondet for å dekke engasjementsstilling på kr. 519 172, omdisponering av prosjektmedarbeidarar til driftsoppgåver på kr. 181 882 og innkjøp av skannarutstyr til kr. 219 414. Dette er i tråd med tidlegare vedtak i styre og representantskap.

Utfyllande informasjon om utgifter

Dei store utgiftspostane i 2025 er, som vanleg, løn og sosiale kostnader til fast tilsette. Vi hadde to tilsette i mellombelse stillingar i 2025.

Driftsutgiftene er på litt over kr. 1,6 mill. i 2025, noko som er ein del høgare enn budsjettert. Dette er mellom anna fordi vi investerte i skannarutstyr til kr. 219 414 og fordi vi kjøpte inn ein del ekstra utstyr i samband med det nye arkivbygget. Dersom vi ser vekk frå postane kontorutstyr og mva-kompensasjon har vi brukt mindre enn budsjettert på drift.

Kostnader knytt til digitalisering og ordning er bakt inn i driftskostnadene, men vi held styr på kva rekvisitakostnader som vert fakturert på prosjekta, og trekk frå denne summen når vi reknar ut overskot på prosjekt. I 2025 var denne summen på kr. 55 858.

Utfyllande informasjon om fondsmidlar

Prosjektfondet er midlar som går til å dekke digitaliserings- og ordningsprosjekt som vi utfører på oppdrag for deltakarkommunane. Driftsfondet er oppsparte midlar frå periodar med underforbruk.

Frå 2023 fram til no har vi hatt ein plan for å bruke desse midlane til å få løyst nødvendige oppgåver i ein krevjande periode med nytt arkivbygg og høgt arbeidspress. Dette har vore med på å halde kostnadane nede for deltakarkommunane i denne perioden. Vi held fram med å bruke av driftsfondet også i 2026 og 2027, i tråd med tidlegare vedtak, men med ein justert tidsplan. I 2025 brukte vi kr. 920 468 frå driftsfondet for å dekke stillingsressursar og innkjøp av skannarutstyr.

Differensen mellom totale prosjekttinntekter og utgifter til prosjekt vert sett over på prosjektfond. I 2025 var denne summen kr. 2 188 684.

Vedlegg:

- Årsrekneskap 2025_resultatrekneskap
- Vedlegg_Revisors uttalelse_Kommunearkivordninga_i_Vestland 2025

Sak 5 Årsrapport for 2025

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner årsrapport for 2025.

Saksframlegg:

I årsrapporten for 2025 rapporterer KAV på satsingsområda frå årsplanen for 2025. I tillegg til dette finn ein rekneskapen for 2025 med notar, fakta om organisasjonen og om styring og kontroll av verksemda. Rapporten dekkjer dei viktigaste områda
Kommunearkivordninga i Vestland arbeider med: Basistenestene våre som er rådgjeving, depot og innsyn, formidling og arrangement, og ekstratenestene som er digitalisering og ordning.

Spesielt i 2025 var opninga av nytt arkivbygg, og store mottak av analoge arkiv. Dette har naturleg nok fått ein del plass i årsrapporten. Arbeidet vårt har vore prega av at papirarkiv og depot har vorte prioritert, men vi har også fått på plass ei innsynsløysing for elarkiv som er klar til bruk for kommunane.

Vi jobbar framleis med å balansere og konkretisere kompetanse- og ressursbehovet for KAV no og i framtida, og har for tida to personar inne i mellombelse stillingar grunna dette. Vi treng meir folk til å handsame store mengder deponerte arkiv, både analoge og digitale, og vi jobbar med å sjå kva totalbehovet vårt vert no når vi gå inn i ein meir normal driftsfase.

KAV leverer på det vi skal levere på, og jobbar kontinuerleg for å dekke kommunane sine behov på ein mest mogeleg kostnadssparande måte.

Vedlegg:

- Årsrapport 2025

Sak 6 Suppleringsval til styret

Forslag til vedtak:

- 1. Representantskapet supplerer første vara, Reidun Hågvar frå Sogndal, inn på fast plass i styret for å erstatte Liv Jorunn Steig som har slutta i Luster kommune og difor gått ut av styret i Kommunearkivordninga.**
- 2. Sitjande styre held fram til forsøksordninga vert sett i verk.**

Saksframlegg:

I år er tre styremedlemmer på val, og vanlegvis ville vi hatt val til styret på dette representantskapsmøtet. Sidan KAV er på veg inn ei forsøksordning der samarbeidet endrar form og ikkje lenger skal ha eit styre, vil styret, etter samråding med valnemnda, foreslå at sitjande styre held fram til vi har kome i gong med forsøksordninga. Dette vert mest sannsynleg tidleg haust 2026.

Av dei tre styremedlemmene som er på val, har ein av dei slutta i kommunen og difor gått ut av styret. Vi foreslår at første vara går inn på fast plass, og at andre og tredje vara rykker opp på plassane første og andre vara.

Styret som sit fram til forsøksordninga vert sett i verk vil då sjå slik ut:

- Kjetil Felde, Vestland fylkeskommune (styreleiar)
- Lise Mari Haugen, Sunnfjord
- Geir Liavåg Strand, Gloppen
- Linda Myhre Larsen, Kinn
- Reidun Hågvar, Sogndal
- Irene Sivertsen, Kinn (1. vara)
- Solveig Haugsvær, Sunnfjord (2. vara)

Sak 7: Val av revisor

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Deloitte som revisor for 2026.

Sak 8: Orientering: Forsøkskommuneordninga

Sak 9: Andre orienteringar
